08-November-2016

NGIR

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
- 7. 11. 2016
Ark. saksnr. 14/1855
Løpenr.
Saksh.
Tilgangskode

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalet
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar ref: 14/1855 -6/25878

***Saknr.:*** *16-016*
***Kommune:*** *Lindås*
***gbnr.***
***Gardsnamn:*** *Ostereidet sentrum*

## Kunngjering 1. gangs høyring og offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum

**Dokumentliste:**

| Dok. nr. | Inn/ut | Dato | Avsendar/mottakar | Planstatus | Saksh. |
|---|---|---|---|---|---|
| *2016/* | *Inn* | *25.09.2016* | *Lindås kommune v/ Trude Langedal* | Kunngjering 1. gangs høyring og offentleg ettersyn av områdereguleringsplan | *HOK* |
| | | | | | |

NGIR mottatt kunngjering 1. gangs høyring og offentleg ettersyn av områdereguleringsplan, og har følgjande merknader:

**Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:**
I Lindås kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 4. november 2016

Henrik O. Kjøpstad

Henrik O. Kjøpstad
*-kunderådgjevar -*



Trykt på resirkulert papir.